

KYRKJEBLADET

67. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2013

Andakt Side 3 **Slekters gang** Side 15 **Gudstenesteliste** Side 15-16

Med gledesbod!

Or ævegrunn, eit fagert ljøs det blenkte,
Ein hyrdingflokk det guddomsljøs fekk sjå.
Dei redde vart og undra seg og tenkte:
Kva er vel dette? Og kvar kjem det ifrå?
Med eitt ein englesong dei såleis helsa:
Reddast ei, me kjem med gledesbod!
I denne natt er fødd for dykk ein frelsar,
Og manneætt skal fred og hugnad få.

Du og eg, me har og del i orda
som hyrdingflokken hørde julenatt,
om frelsa og om heilag fred på jorda,
om stjerna som vil aldri slokna att.
Den stjerna som for vismenn kunne blenkja
og syne leia og den rette veg.
Det er vel gildt at me så stort kan tenkje:
Ho lyser også her for deg og meg.

Går leia tidt om ville hei og lende
og skuggar fell frå mørke uver-sky.
Gud, lat mitt auga opp mot deg seg vende,
gi meg eit glimt av stjerna di på ny.
Må julekveldens glade engletonar
få syngje seg i hjartedjupet inn,
at Jesus kom til jord som vår forsonar,
med han me sæle himmelfreden finn.

Ja, lat di stjerne på min livsveg lyse
ifrå din høge himmel til meg ned.
Og lat ein om av englesong eg hyse
i såre sinn om frelse og om fred.
Lat meg når eg i livsens-striden veiknar
få kjenne kvila i min frelsars famn,
Så stjerna aldri for mitt auga bleiknar,
Men lyser meg i trygge himmelhamn.

Johanna Brekke
(1906-1990)

**Biskopen kjem
på visitas**

Side 5

**Det store
Salmeslaget**

Side 8 og 9

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkevegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Sokneprest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 113, 5721 Dalekvam

Sokneprest Frode Kvamsøe

Sokneprest i Dale, Eksingedalen,

Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida
og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no*

Bilete på framsida:

Til minne om hausten.

Bilete frå Messehagen.

Glede og optimisme

Me sender denne gongen ut eit blad som er fylt med glede og optimisme. Det er borna og ungdomane våre, sjølve framtida, som har størst merksemd no. Alt neste år vil me kunne tilby utvida trusopløring til dei fleste aldersgruppene frå 0 til og med 17 år, slik kyrkjelydane i Vaksdal ynskjer det, og slik Den norske kyrkja legg opp til. Me veit ikkje i detalj alt som skal skje, men ser likevel fram til å hente inn att den tapte tida frå den gongen kristendomsundervisninga var ein naturleg del av skuledagen. Med sundagsskule og konfirmantundervisning fekk ein del i bodskapen på ulike vis, men det var sjeldan knytt saman i ord og aktivitetar på den måten som born og unge vil få oppleve framover. Det ein lærer som born kan ein ta med seg heile livet. Eg hugsar tilbake til skulen i Otterstadneset, på syttitalet. Ein elev spurde vikarlæraren om kvifor me måtte seie fadervår i staren av siste time, for me gjorde det om morgonen og. Lærar Asle sa « me kan ikkje be fadervår for ofte». Så fadervår fekk me i alle fall lært oss.



Me ynskjer våre lesarar ei gledeleg og optimistisk julehøgtid.

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 22. februar 2014.

Venner for livet?

I 2013 har vi ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. I møta våre med ungdom hentar vi ofte fram dette biletet som står saman med andakten. Det passar som hand i hanske med juleevangeliet.

Biletet viser Jesus og den egyptiske munken Menas frå ca. år 600. Det blir gjerne kalla «Jesus og vennen hans» og heng i dag i Louvre i Paris.

Ofte når Jesus blir skildra i kunsten er han tydeleg større enn menneska som omgir han. Men i dette biletet er dei jamlike. Jesus og munken er omtrent like høge, og Jesus legg handa si rundt munken sine skuldrer. Dei er venner og går vegen saman.

Dette er eit bilete om som fell i god jord hos ungdom, fordi det viser venner som bryr seg om kvarandre, der den eine ikkje gjer seg stor på den andre sin kostnad.

Jesus vil ikkje vere fjern, men nær. Jesus vil ikkje vere eit uløyst mysterium, men ein venn som gir seg til kjenne og vil vere den fortrulege følgjesveinen gjennom livet vårt.

Biletet minner oss om Jesu ord i Johannesevangeliet: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har fortalt dykk alt eg har høyrte av Far min». (15,15)

Då Jesus blei fødd og lagd i krubba, blei noko av Gud sjølv overgitt i hendene våre. I Jesus kom Gud oss så nær som det er mogeleg. Han blei ein av oss, ein bror og ein venn.

Ungdom i dag, som ungdom i går, er opptekne av vennskap. Mange har nære venner som betyr mykje for dei, men mange har også opplevd at venner sviktar. Somme veit kanskje ikkje om dei har ein verkeleg venn.

I ungdomsåret 2013 har det vore målet vårt at ung-



Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin

dom, og alle andre, skal få høyre at det her og no finst ein som alltid og under alle forhold vil vere vennen deira, slik han var det for munken Menas for mange hundre år sidan. Jesus er ein venn som ikkje sviktar og som aldri blir klok av skade.

Kan du sjå at munken skjeglar litt med venstre auge? Det er neppe ein glipp frå målaren si side. Med eitt auge ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor. Slik fortel biletet noko om kva det er å vere ein kristen.

Speler Gud ei rolle i livet ditt? Betyr Jesus noko for deg? Viss ikkje, er det bra at du les dette og får sjå biletet av Jesus og vennen hans. Jesus er vennen som aldri gir oss opp, heller ikkje når vi går bort. Ville det ikkje vore fint å vere vennen hans?

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

LYS VAKEN for 11-åringane i februar

Neste års 11-åringar i Dale sokn vert invitert til å overnatte i kyrkja fyrste helga i februar. Opplegget vert kalla LYS VAKEN, og er eit arrangement som elles i landet for det meste skjer

natt til 1. sundag i advent. Dei i soknet som er fødd i 2003 får særskild invitasjon og informasjon om opplegget like over nyttår. Soknerådet sender denne til dei ein har namn og adresse



på. Skulle det likevel skje at nokon i 2003-kullet ikkje får invitasjonen er det fint om dei tek kontakt med

Kyrkjekontoret.
Lese meir om Lys vaken?
Sjå her: www.lysvaken.no.

Utdeling av

NYTESTAMENTE

i kyrkjene i Vaksdal

Eidsland kapell:	Sundag 26. januar kl. 17.00
Dale kyrkje:	Sundag 2. februar kl. 11.00.
Vaksdal kyrkje:	Sundag 9. februar kl. 11.00
Bergsdalen kyrkje:	Sundag 9. februar kl. 11.00
Stamnes kyrkje:	Sundag 16. februar kl. 11.00
Eksingedalen:	Sundag 13. april (Palmesundag) kl. 11.00.

Nytestamentet vert delt ut til årets 11-åringar

Møter i Vaksdal bedehus

Søndag 8. desember kl 11.00:
Storsamling, talar: Asle Hetlebakke
Når det er storsamling i bedehuset, er det også søndagsskule i kjellaren kl 11.30.
Julefest i Vaksdal bedehus laurdag 4. januar kl. 16.00.
Arr.: Vaksdal bedehus



Møter i Dale bedehus

Onsdag 4. desember kl. 19.00. Talar: Christian Skoge.
Julefest Dale bedehus søndag 5. januar kl. 17.00

Juleverkstad på Vaksdal

Laurdag 7. desember kl. 11-14 er dagen for vår årlege juleverkstad i Vaksdal bedehus.

Vaksdal sokneråd

Adventskonsertar i kyrkjene i Vaksdal

STAMNES KYRKJE

Laurdag 7. desember kl 16.00

Medverkande: Blanke messingen, Stamnes barnekor, Kilden, Ragnhild Straume – song, kulturskule-elevar. Adventstankar.

DALE KYRKJE

Søndag 8. desember kl 19.00

Medverkande: Sigrun Jørdre – song, Turid Bakke Braut - klaver, Ingrid Øygard Steinkopf – fløyte, Olav Arne Steinkopf – orgel/klaver, Korskulen i Vaksdal v/Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Adventstankar.

EKSINGEDALEN KYRKJE – VI SYNG
JULA INN

Søndag 15. september kl 11.00

Elevar frå kulturskulen, songgruppe frå Eksingedalen, Asbjørn Nese – song, Olav Arne Steinkopf – orgel, m.fleire. Adventstankar.

VAKSDAL KYRKJE

Søndag 15. desember kl 19.30

Medverkande: Gjestar: Lyshornet brass, Vaksdal musikklag, Kordial, Thomas Nøkling – saksofon, Olav Arne Steinkopf - orgel. Adventstankar.

Adventskonsert i Dale kyrkje søndag 8. desember

Adventkonserten i Dale kyrkje i år vert litt annleis. I tillegg til korskulen i Vaksdal med Tone Synnøve Øygard Steinkopf som dirigent, får me oppleve Turid Bakke Braut og dottera Sigrun Jørdre. Dei er båd høgt utdanna profesjonelle musikarar. Dei har laga eit juleprogram kalla "Marias sønn" og hadde stor suksess med dette i fleire kyrkjer i Hordaland i fjor. På konserten i Dale kyrkje vil me få høyre utdrag herifrå. Ein ynskjer ein å skapa eit pusterom og ein time fylt med ljøs i menneska si kvardag. Ein vil lyfte fram ei oppleving av glede, håp og forventning i ein stressande tid. Programmet tek ut-

gangspunkt i den særskilde relasjonen mellom mor og born, mellom jomfru Maria og Jesusbarnet. Programmet er variert med klassisk song i sentrum og spenner over fleire stilperiodar.

Turid Bakke Braut er ingakven som helst i musikklivet i Noreg. Ho har eksamen i klaver frå konservatoriet i Bergen og frå "Royal College of Music and Drama". I tillegg har ho diplomeksamen frå Noregs musikkhøgskole. Som utøvar debuterte ho i Universitetets Aula i Oslo i 1976. Braut har vore solist med dei fleste norske symfoniorkestra, og har turnert nasjonalt og internasjonalt.

Som klaverpedagog og

akkompagnatør har ho hatt stillingar ved fleire av musikkutdanningsinstitusjonane her i landet, som Noregs musikkhøgskole (1983–86) og Musikkonservatoriet i Trondheim (1990–2002). I dag underviser ho ved Griegakademiet i Bergen (frå 2002) og Kongshaug Musikkgymsnas (frå 2000).

Braut har spesialisert seg på norsk musikk gjennom utgivingar av verka åt Edvard Grieg og Sverre Jordan, og gjennom samarbeid med komponistar som Harald Sæverud, Johan Kvandal og Olav Anton Thommessen. Tolkinga av songar og salmar med nynorsk tekst har òg vore ein sentral del

av verksemda. Konsertprosjektet «Bøn for år 2000» var bygd over Alfred Hauges dikt, andre prosjekt har vore arrangerte i samarbeid med forfattarane Edvard Hoem og Magne Myhra.

Braut har motteke Rikskonsertane sitt lanseringsstipend for debutantar (1976), Rotarystipend (1978–79), Kunstfagstipend (1979–81) og Legat Olavsfestdagene (2000).

På konserten i Dale kyrkje får me òg oppleve dottera Sigrun Jørdre. Ho er utdanna songar frå Grieg-akademiet. I tillegg får me høyre Ingrid Øygard Steinkopf på fløyte og Olav Arne Steinkopf på orgel og klaver.

Biskopen kjem på visitas

Biskopen vår, Halvor Nordhaug, kjem på visitas til kyrkjene i Vaksdal 11. – 16. mars 2014. Hovudgudstenesta vert i Dale kyrkje søndag 16. med kyrkjekaffe og føredrag. Sett av dagen. Vistasen handlar òg om at biskopen vil ha eit hektisk program rundt i bygdene våre i møte med friviljuge, tilsette, kommunen, skule osv. Det er ikkje råd om å rekke over alle moglege ting på tida som er sett av frå tirsdag til torsdag. Samstundes kjem han rundt såpass at mange vil få anledning til å treffe han. Fellesrådet har sett ned ei nemnd som innan 11. desember 2013 skal førebu utkast til program.

Kva er ein visitas?

Det er meir enn ein visitt. Det har gått 16 år sidan me hadde biskop Hagesæter her sist gongen. Biskopen har tilsyn med alle kyrkjelydane og vigsla tilsette i bispedømet. Dette er biskopen sitt høve til å gjennomføre tilsynet. Han vil

oppmode til vidare arbeid og innsats. Det er eit høve til å stanse opp og sjekke og korrigere kursen. Me skal saman svare på kva det vil seie å vere kyrkje i bygdene i Vaksdal?

Utfordringar og moglegheiter

Kva er særlege her hjå oss? Kva utfordringar står me oppe i? Kva moglegheiter er det for vidare utvikling av kyrkjelydsarbeidet? Kva grep kan gjerast? Her handlar det om dialog. Er det noko av det vi gjer som har gått ut på dato? Er det nye ting som kan lærast? Korleis vil det at me no har fått på plass ei ny trusoppplæringsmedarbeidar prega arbeidet, og moglegheitene for å nå ut med evangeliet til dei komande generasjonane.

Ei ope og inkluderande kyrkje

Ein visitas gjev eit høve til å nå ut til eit breidt "publikum". Den norske kyrkja har eit mål om å vere ope og



Planlegginga av Biskopen i Bjørgvin sin visitas i Vaksdal 11.-16. mars er godt i gang. Med i nemnda er, framme frå venstre: Ordførar Eirik Haga, Eli Kringlebotten frå Dale sokneråd og Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Bak frå venstre: Kyrkjevevjer Svein Tøsse, sokneprest Edvard Bø, og prost Arild Hellesøy.

inkluderande som folkekyrkje. Det handlar om å møte menneske der dei er. Korleis kan me betre leggje til rettes for at den enkelte kan kjenne seg velkommen med sitt liv. Kyrkja er ein stad der den som treng det kan kome til Herren, med sine sorger og bønner. Det gjeld unge gamle, og dei som treng tilrettelegging. Kan me gjere noko med universell utforming av bygg og tiltak som ikkje hindrar deltaking.

Kyrkja er meir enn eit hus

Der to eller tre er samla i hans namn, der er han. Korleis kan slike møte med ein levande Gud finne stad i heimen, og i ulike møte og høve. Kyrkja er òg ein stad for å møte og integrere våre nye landsmenn. Ynskjer du vere me og forme morgondagens kyrkje i bydene i Vaksdal, så er bispevisitasen eit rikt høve.

Sokneprest Edvard Bø

Konfirmantjubiläum



50-årskonfirmantar i Dale kyrkje 13. oktober, konfirmert i Dale kyrkje 1. september 1963

1. rekkje frå venstre: Marny Langhelle Rongved, Kari Kvamme Berge, Martha Agathe Hatlestad, Ingun Bergstad, Anne Berit Øvsttun Ingrid Utskott Frotveit, Inge Arne Grøslund. 2. rekkje: Sokneprest Frode Kvamsøe, Marit Henny Faugstad, Sølvi Margrethe Reinholdtsen, Ranveig Signe Neset, Jane Helle, Jorun Seim, Rønnaug Eide Hesjedal, Holger Sellevold. 3. rekkje: Svein Thore Ystheim, Jan Per Styve, Kjølve Berge, Einar Dalseid, Ole Hesjedal, Arild Reigstad, Odd Leon Rolland. 4. rekkje: John Ove Thaula, Frank Breistein.



60-årskonfirmantar i Dale kyrkje 13. oktober, konfirmert i Dale gamle kyrkje 27. september 1953.

1. rekkje frå venstre: Gerd Hesjedal Skjervegen, Hild Mary Sæterdal Berge, Else Karin Lid Slåtten, Anne Marie Hårvik Stamnesfet. 2. rekkje: Inge Dale, Sigmund Lid, Jan Hårvik, Leif Kåre Verpelstad, Sigmund Rolland, Bjørn Larsen, sokneprest Frode Kvamsøe.



50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 20. oktober 2013.

Vaksdal sokneråd bed kvart år inn alle som gjekk ut frå Vaksdal skule for 50 år sidan. 20. oktober var jublantane samla til gudstjeneste i kyrkja og festsamkome i bedehuset. I 1963 var det 24 konfirmantar i Vaksdal kyrkje. 1. rekkje frå venstre: Dagrun Herfindal Quandt, Kari Faugstad Hausvik, Solveig Thomassen Holvik, Solveig Barratt Erstad, Astrid Eikum. 2. rekkje: Inger Margrethe Høisæter Skage, Annbjørg Boge, Sidsel Hansen Kvamme, Harriet Skage, Eli Berit Magnussen Lokøy, Ester Krogsrud. 3. rekkje: Svein-Åge Lokøy Hansen, Sjur Harald Jacobsen Gjerde, Torbjørn Mellesdal, Caspar Erstad, Nils Jamne, Nils Henry Nilsen. Foto: Svein Hovlandsdal

Konfirmantjubiläum i Eksingedalen

Det har kome spørsmål til sokneråda i Eksingedalen om ikkje det er mogleg å arrangere konfirmant-

jubiläum for dei som er konfirmerte i dalen. Sokneråda ser på dette som ein god ide, og vil freiste å lage

til ei slik feiring til hausten. Det står mellom anna att å finne ut av kva årstal jubilea skal gjelde for, og dette

vil sokneråda sjå nærare på over nyttår.

Min salme

Det var Arne Normann som vart utfordra til å skrive om si salme i sist kyrkjeblad, og han skriv:

«Kvardagskristen vil eg vera»

Eg syng ikkje denne so ofte lenger, men den betyr mykje for meg likevel. Eg lærte denne å kjenna på bibelskulen på Fjellhaug i Oslo i 1975/76. Matias Orheim klarar på ein fin måte å setja ord på det å vera ein kristen i kvardagen. Viktig dette med «samklang mellom liv og læra». Dette er eit mål for alle kristne og sikkert mange andre at det stemmer det ein seier og det ein gjer. Synes det er stilig når Orheim skriv: «vigslar heim og hall til kyrkje, kjøkenkrå og handelsbu». Gud er blant oss overalt.

No er dagane noko grå og mørke, og me får ei klar oppmoding frå Orheim: ein kvardagskristen skal spreia festglans kring det kvardagsgrå. Me skal ikkje la alle bekymringar ta tak i oss, men ha Gud med i alle ting. Då løftar me lettare blikket mot den åndelege himmelen, og dagane kan verta mykje betre både for ein sjølv og for andre rundt oss. «Lokka smilen gjennom tåra, så me himmelsk glans får sjå». Det er godt formulert og ei viktig oppgåva i kvardagen. Me menneska treng kvarandre.

Det siste verset har ein tydeleg himmellengt i seg. Her skal me få kasta kvardagsbunaden og ta på festklede. «Livsens kruna»- gode ord å tenkja på. (Ein liten parantes: Eg likar betre ein annan melodi enn den som står i salmeboka. Trur bedehusboka har ein meir kjent melodi på salmen).

Arne Normann

Arne utfordrar Sjur Brattabø frå Stanghelle til å kome med neste bidrag til «Min salme».

**Tekst: Mathias Orheim 1909
Hollands melodi frå omkring 1700**

*Kvardagskristen vil eg vera,
syn for segn det krev Guds ord.
Samklang mellom liv og læra,
det er himmelsong på jord.
Som den djupe fjord kan greia,
spegla himlen høg og blå,
skal ein kvardagskristen spreia
festglans kring det kvardagsgrå.*

*Kvardagskristen, døypt til yrke,
fødd til kjærleik, skapt av Gud,
vigslar heim og hall til kyrkje,
kjøkenkrå og handelsbu.
Mynt og vara får Guds stempel,
fals og fusk på døri må.
Altarljoset i Guds tempel festglans
gjev det kvardagsgrå.*

*Sjå, der kjem ein sjuk og fattig,
der kjem ein som spør om råd,
der ein sviken, der ein hatig,
her er nok for offerdåd.
Lokka smilen gjennom tåra, så me
himmelsk glans får sjå!
Trængsla kring oss får forklåra
festglans i det kvardagsgrå.*

*Kvardagskristen vil eg vera,
syn for segn det krev Guds ord.
Samklang mellom liv og læra,
det er himmelsong på jord.
Og når så min kvardagsbunad s
kal for himlen skiftast om,
strålar bjart kring livsens kruna
festglans i Guds herlegdom.*

2013 har vore eit særskild ungdomsår i Bjørgvin bispedøme, og særleg i november har det vore mange arrangement. Dei neste sidene kan ein lese om både desse arrangementa og andre tiltak for ungdom i kyrkjelydane i Vaksdal.

Det store Salmeslaget

Konfirmantane i Vaksdal fekk i haust ei utfordring dei ikkje hadde vore med på før. Dei skulle synge salmar frå scena i Vaksdal samfunnssal, til «Moderne» rytmor, og med band og lys og heile pakka. Dette var noko nokre av dei slett IKKJE ville vere med på, det gav dei klar melding om. Fyrste gongen dei møtte opplegget var på leir. Så har dei øvd litt på samlingane utover hausten, og to dagar før konserten var dei samla

til fellesøving og gruppeøving. Konsertdagen, laurdag 9. november, var dei samla i samfunnssalen på Vaksdal frå føremiddagen av. Mykje entusiasme hos konfirmantane var det nok ikkje å spore på det tidspunktet. Men så hendte det noko! Dei fekk hjelp til å øve inn song og rørsle, dei fekk mikrofon i handa og flomlys i andletet, og alle som var på konserten laurdag kveld såg at konfirmantane hadde verkeleg arbeid bra

med dette, og gav oss ei flott konsertoppleving!

Med seg på vegen fekk dei gode ord frå dommarpanelet; Leif Inge Eide, Hege Eide Vik og Arne Normann. Likeins fekk dei mykje skryt frå kveldens konferansier, Jarle Audestad, som leia oss gjennom konserten på ein framifrå måte.

Initiativ til denne konserten kom frå kantor Olav Arne Steinkopf, etter ide frå TV-serien «Det store

korslaget» og eit liknande salmeslag-arrangement i Borg bispedøme. «Kilden» var med på konserten både med eigne songar, og som baksongarar til konfirmantane. Jentegruppa Knis frå Eksingedalen song ein nydeleg gospelsong, og medlemmane var mellom dei som var coachar for konfirmantgruppene. Sokneråde sto for mykje av det praktiske, slik som å syte for at det var rikeleg å få med mat og drikke gjennom dagen.



Alle konfirmantane var med i kvar si gruppe.



Denne gruppa vann, med salma *Herre Gud ditt dyre navn og ære*.



Gruppa Knis.



Jarle Audestad var konfransier.



Alle konfirmantane var med i kvar si gruppe.



Dommarpanelet var sett saman av Leif Inge Eide, Hege Eide Vik og Arne Normann

Reunion

Nytt av året var ei samling for dei siste åra sine konfirmantar, det vil seie for dei som er 18 år i år og yngre. Samlinga var i KUL-kjellaren i Vaksdal bedehus. Det var berre 7 ungdomar som fann vegen dit, fleirtalet var konfirmantar i vår, men med bilder frå konfirmasjonstida dei siste åra og god servering hadde dei som kom det fint. Etter samlinga sto Salmeslag-konserten på programmet, og kvelden vart avslutta med nettcfe i KUL-kjellaren.



Frå venstre: Eivind, Henriette, Eline og Kristina.

Konf-Alpha

Dette året og vert eit Alpha-kurs ein del av opplegget, og startskotet gjekk same dag som Salmeslaget var. Konfirmantane var i dei same gruppene som i Salmeslaget, og fekk med seg undervisning, «team-building» og samtale i løpet av halvanna time i Vaksdal bedehus. Resten av Alpha-samlingane vert om lag anna kvar torsdag i tida mellom nyttår og påske, med ein heil laurdag som avslutning.



Team-building, der konfirmantane skulle lære seg å stole på kvarandre OG lære seg å vere til å stole på.

Konfirmantleir

Det er ein fast del av konfirmantopplegget å dra ei helg på leir. No som før er det til Fagertun i Eksingedalen ein dreg, og i år starta leirane laurdag føremiddag. Det var såleis kortare leirar enn elles, men ein går truleg attende til å ha to overnattingar på framtidige leirar. Dei siste åra har leirane brukt å bi avslutta med gudsteneste i Vaksdal kyrkje eller Dale kyrkje, og ein del av programmet desse leirane er å førebu desse gudstenestene



Konfirmantleir er å vere i fellesskap om undervisning.



Mange av deltakarane frå Vaksdal.

Nattcup

Konfirmantane i Vaksdal har vore med kvart år sidan Bjørgvin KFUK-KFUM starta med nattcup i 2000. Drygt 30 konfirmantar var med, og me stilte med 4 lag. I tillegg hadde me eit lag med jenter som var konfirmantar i vår og i fjor, desse var med i ei eiga del av turneringa som var for eldre ungdomar, 15+. Det

eine jentelaget og 15+-laget kom til semifinalane, der dei røyk ut på straffe-konkurranse.

Som så mange år før spela konfirmantane i like draktar; T-skjorter frå BKK.

Amalie og Rebekka og resten av laget med full innsats.



KRIK (KRisten IdrettsKontakt)



Ingeborg, Wes Willis (vokalist i *Rush of fools*) og Hanna. Foto: Svein Tollefsen

Ein gjeng på 6 eksingedøler prøver gjenta suksessen frå i fjor med tur til Vikeså på KRIK Cup & Concert. 5-6 timars køyring ein veg går fint med god musikk på bilanlegg, trafikk-skilt som skal puggast - og ein taletrengt 10-åring i baksetet. Fredag rakk me akkurat ned til konsert med Hawk Nelson og Rush of Fools. Dette er to amerikanske kristenrock-band som har tatt turen for å gi liv til kvelden. Og bra trøkk vart det - og lyd i meste laget for godt vaksne øyrer. Ungdommane som fylte salen, såg derimot ut til å storkosa seg, og ungdommane frå eksingedalen var mellom dei mest aktive fremst mot scena. Lørdag venta nye konsertar. Med i arrangementet var også ein fotballcup. Her var me ikkje påmeldt i år, men blir litt fleire med neste år, så kan me kanskje stille lag?

KUL

Vaksdal Kristelege Ungdomslag (Vaksdal KUL) held framleis til i kjellaren til Vaksdal bedehus. Programmet i år er Nattcafe anna kvar fredagskveld, og Husfelleskap heime hos Margot-Helene Rosvold.

Gudstenestereform – Nattverd

Det er nattverd i dei fleste gudstenester no. Ved dåpen vert menneska Guds barn. Når me er døypt er det naturleg å kunne delta i nattverd. Etter dåpen får me etter kvart meir og meir kjennskap til Jesus og kjennskap til tru. Det kan me få gjennom opplæring i heimen og deltaking i kristne samlingar og aktivitetar.

Nattverden er eit måltid. I det måltidet har me fellesskap med kvarandre og med Jesus. Å verte døypt og delta i nattverd kan ikkje noko menneske på jord skjone djupna av. Det er eit stort mysterium der me berre kan ane glimt av Guds storheit og kjærleik.

Det er ingen skilnad på oss menneske overfor Gud. Ingen trur meir enn andre, ingen fortener meir enn andre, difor er nattverden lik overfor oss menneske. Me må kome som me er og ta imot Jesus, reint fysisk gjennom brød og vin, som Gud sin store kjærleikshandling til oss.

Det er skildra på ein enkel og fin måte i desse songversa:

Ingen er for liten til å se Guds under.
Alle trenger vi å møte Jesu Kjærlighet.
Herren rekker sine hender frem

og sier: Ta i mot.
Jesus gir oss brød og vin
som sitt legeme og blod.
Han har tilgitt våre synder,
gir oss styrke håp og tro.

Vi er barna i Guds hus.
Vi er grener på hans tre.
Alle døpte kan gå sammen,
vi får kjenne Jesu fred!

(Tekst: Øystein Wang)

Det er gode grunnar for å gå til nattverd, men det finns og grunnar til å la vere. Dette må kvar enkelt finne ut for sin eigen del. I kyrkjene i Vaksdal legg me til rette for at alle som ynskjer det kan delta i nattverden. Difor har ein det no mykje oftare på gudstenester. Spesielt i gudstenester med fokus på born og unge er dette nytt. I desse gudstenestene nyttar ein utdelingsforma intinksjon, ein dyppar oblaten i vinen. Det er ei fullverdig nattverdform på linje med kneling rundt altaret med særkalkar. Dei framstår berre litt ulikt.

Dei som ikkje ynskjer å delta i nattverden kan delta i salmesongen

som ofte føregår under nattverden og elles feire den i bøn, stille eller andre ting dersom det er ei vandring med fleire stasjonar.

Det er òg mogleg å berre motta velsigning om ein ynskjer det i staden. Det kan ein berre seie når ein kjem fram. Eit internasjonalt teikn for det er å legge høgre handa på venstre skulder.

Om born ynskjer å gå til nattverd så seier Jesus; «la dei små born kome til meg». Du kan gjerne la borna få gå om du sjølv ikkje ynskjer å gå. For dei kjennest ting ofte meir spontant naturleg enn det gjer for oss vaksne. Slik er det og slik har det vore. Det treng ikkje vere slik i framtida. Me har ein veg å gå for at alle i kyrkja skal kjenne det naturleg å gå til nattverd.

Det er viktig å få signalisert at dei som ynskjer det deltek, og dei som ikkje ynskjer det deltek ikkje, og begge deler er greitt.

For Gud er me uansett unike og verdsett uansett kva me vel. Og ei tru er ei tru uansett.

Tone Synnøve

Dale og Stanghelle søndagsskule ynskjer velkomen til

SØNDAGSSKULEN

sin

**JULE-
VERKSTAD**

Laurdag 7. desember kl. 11 - 13

i Dale bedehus

Her kan du få lage
julepynt og små julegåver

Andakt Enkel servering

Ingen aldersgrense
Alt er gratis!

Vaksne er og velkomne ☺,
men dei kan få lov til å gå i butikken
m m når borna er på juleverkstaden

Julekonsert

MARIANNE JUVIK SÆBØ

PIANISTER:
VIDAR ELDHOLM
TERJE KLEPPE



DALE: FRE 29 NOV. DALE KYRKJE kl. 19.00
VOSS: LØR 30 NOV. NAIN-VOSS kl. 17.00

m/DALE MANNSKOR

Billetter selges ved døren. Voksne kr. 200,- Barn kr. 100,- Innsamling til Misjon Uten Grenser



Eit nytt namn, og eit nytt ord å lære seg

Marianne Bergsjø Gammelsæter byrjar i stillinga som trusopplærar i Vaksdal etter nyttår. Ho er utdanna kateket, fødd i Aurskog Høland, men har til saman budd i Bergen og i Fjell på Sotra størsteparten av livet. Familien kjøpte ein fritidsbustad på Berge i Bergsdalen for eit par år sidan, og har vore der mykje.

Marianne er utdanna kateket og har ein mastergrad i teologi med hovudvekt på barneteologi. Ho har arbeid som kateket med særleg ansvar for trusopplæringa i fleire periodar, både i Oslo, i Skjold (Bergen) og dei sju siste åra i Fjell på Sotra. I åtte år var ho undervisningsrådgjevar på bispedømekontoret, blant anna dei åra trusopplæringsreforma vart vedteken og sett i gong. Ho var òg oppnemnd av Kyrkjerådet til å sitte i styringsgruppa for reforma dei fem fyrste åra av reformperioden. Då ho starta i stillinga i Fjell var det for å starte opp og leie trusopplæringa i kyrkjelyden. Ho har dei siste sju åra arbeid der som kateket og trusopplæringsleiar og har difor brei kjennskap til dette arbeidet. I Fjell er det «hundrevis» av konfirmantar i kvart årskull, og store barnekull. No har ho ynskje om å arbeide i mindre kyrkjelydar, og hjå oss har me som kjent berre slike. Når ho byrjar i stillinga her hjå oss, er ho ferdig utdanna prest. Me har difor lagt til rette for at ho kan vigslast til prest alt i januar. Tidspunktet er ikkje fastsett enno, men vert kunngjort i god tid.

Me ynskjer ho velkomen, og lukke til i arbeidet!

Trusopplæring

Omgrepet trusopplæring er kanskje eit nytt ord for oss som bur i



Marianne Bergsjø Gammelsæter.

Vaksdal. Innhaldet i trusopplæringa er likevel kjent for dei fleste. Me har babysong, barnekor, Ving, konfirmantundervisning og andre aktivitetar for born og unge. Tårnagethelg, utdeling av bøker til 4-åringar, alt dette og meir til skal setjast i system, og utvidast. Aldersgruppene som fell inn under trusopplæringa er frå 0 til og med 17 år. Målet er å gje borna opplevingar kunnskap og tru som dei kan ha glede og nytte av resten av livet.


Trusopplæringa får midlar direkte frå staten, fordelt mellom sokna i høve til kor mange born som er i aldersgruppa. Hjå oss er det mange nok born og unge til at me kan ha ei halv stilling.

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider - **NY PRIS kr 150,-**.
Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider - **NY PRIS kr 200,-**.
Kan kjøpast her:
Dale: Gyda og Mix
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)


104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

239 sider – kr. 50,-.

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje (perioden 1986-2011) er til sals hjå soknerådsmedlemmene. Pris kr 100,-.



KYRKJEBLADET

67. årg. FOR VAKSDAL Nr. 3/2013

Andakt side 3 Slekters gang side 15 Gudstenestliste side 16



Intervju med Einar Mjølde Side 8-9
Gravferdsordninga i Vaksdal Side 10-11
www.vaksdal.kyrkja.no

Kyrkjebladet for Vaksdal

kjem ut fire, og stundom fem gonger i året. Me har ikkje lagt inn rekning i dette nummeret, men om de ynskjer å gje ei gåve så er kontonummeret **3500 07 05800**.

I nettbanken kan du bruke KID 1009000001388, eller nytte meldingsfeltet til å leggje inn namnet ditt.

Hugs adresseendring om du bur utanfor Vaksdal kommune!
Me takkar for god hjelp frå abonnentar og gjevarar til å dekkje kostnadene med utgjevinga, og håper at de vil halde fram med det.



CD-en kostar kr 100,-, og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrkjekontoret

Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpe deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00

Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no

ao-senter@vaksdal.kommune.no



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering



Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

 SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrikar-
tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer -

Oppsatsar - Bårebukettar

Mob. 91 17 97 66

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyerse • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG

DØYPT



Dale

22.09. Leon Boge Rørvik

Stamnes

22.09. Astrid Gammersvik Hermansen

Vaksdal

01.09. Magne Sæterdal
 29.09. Filip Rohde (døypt i Takvam kapell)
 20.10. Mats Herfindal Søndergaard
 10.11. Sivert Brekkhus
 10.11. Julie Kvitne Steinsbø

VIGDE



Dale

12.10. Linn Svensson Auro og
 Ludvig Tobias Lie Andersen

Bergsdalen

31.08. Linn Kari Langhelle og Øyvind Dahl

DØDE



Dale

31.08.2013	Annlaug Solberg	1928
03.09.2013	Ida Hop	1917
09.10.2013	Vigdis Magda Kalsås	1945
15.10.2013	Margot Berna Stokke	1928
15.10.2013	Anna Jakobsson	1928
25.10.2013	Eva Svarstad	1944
04.11.2013	Oskar Olsen	1932

Stamnes

04.09.2013	Ivar Iversen	1926
09.09.2013	Sigrun Straume	1925
09.11.2013	Dagmar Margit Hårvik	1941

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 1. desember – 1. søndag i adventstida
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15:00. Lysmesse med utdeling av bok til 4- og 6-åringane. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Kyrkjemusikalsk arbeid.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00. Lysmesse. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE kl. 20:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Ung Kirkesang

Laurdag 7. desember

STAMNES KYRKJE kl. 16:00: Adventskonsert.

Sundag 8. desember – 2. søndag i adventstida
 EIDSLAND KAPELL kl. 11:00. Lysmesse. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16:00. Lysmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 19:00: Adventskonsert.

Sundag 15. desember – 3. søndag i adventstida
 NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Me syng jula inn. Edvard Bø. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19:00: Adventskonsert.

Sundag 22. desember – 4. søndag i adventstida
 Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Tysdag 24. desember – Julaftan
 EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12:00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe

STAMNES KYRKJE kl. 13:30. Julegudsteneste. Edvard Bø. Takkoffer til Frelsesarmeen.

DALE KYRKJE kl. 15:00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

DALE KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Edvard Bø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Frode Kvamsøe. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

EIDSLAND KAPELL kl. 16:15. Me syng jula inn.

Onsdag 25. desember – Juledag
 DALE KYRKJE kl. 11:00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Stefanusalliansen. Forsongarane møter kl. 10.00.

Torsdag 26. desember – 1. Juledag
 BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Dåp.

STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Sundag 29. desember – Søndag etter jul
 Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Tysdag 31. desember – Nyårsaftan
 STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste, felles for heile Vaksdal. Frode Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Frode Kvamsøe. Takkoffer til HimalPartner.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Onsdag 1. januar - Nyårsdag
Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 5. januar - Kristi openberringsdag
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp.
Edvard Bø.

Sundag 12. januar - 2. søndag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp. Frode
Kvamsøe. Årsmøte

Sundag 19. januar - 3. søndag i openberringstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp.
Edvard Bø.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp.
Frode Kvamsøe. Takkoffer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.

Sundag 26. januar - 4. søndag i openberringstida
EIDSLAND KAPELL kl. 17.00 Gudsteneste. Nattverd. Dåp.
Utdeling av NT. Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

Sundag 2. februar - 5. søndag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd. Dåp.
Frode Kvamsøe. Lys Vaken-helg med utdeling av NT.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd.
Dåp. Edvard Bø. Årsmøte.

Sundag 9. februar - 6. søndag i openberringstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverd.
Edvard Bø. Utdeling av NT. Tårnagent-helg.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp.
Utdeling av NT. Frode Kvamsøe. Årsmøte. Kyrkjekaffi.

Sundag 16. februar - Sámannssundagen
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Nattverwd.
Dåp. Edvard Bø. Utdeling av NT. Kyrkjekaffi.

Sundag 23. februar - Kristi forklåringsdag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Festgudsteneste. Bønedag for land og
folk. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 2. mars - Fastelavnssundag
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Dåp.

Sundag 9. mars - 1. søndag i fastetida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Bø. Ed-
vard Bø. Takkoffer til Kirkens Bymisjon. Årsmøte. Kyrkjekaffi.

Sundag 16. mars - Maria bodskapsdag Luk 1,39 45
DALE KYRKJE kl. 11.00. Visitasgudsteneste for heile kommu-
nen. Kyrkjekaffi etterpå.

Dåp = høve til dåp i gudstenesta.

Sjå annonsar og plakatar for oppdaterte opplysningar



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no